

Sak til Områdeutvala

Går til:	Medlemene i Områdeutvalet for Nordhordland
Dato:	18. november 2022
Sakshandsamar:	Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld:	Felles handlingsplan 2022 og 2023
Saksnummer	07/22

I denne saka presenterer Samarbeidssekretariatet(SSE) ein samla statusrapport for arbeidet med felles handlingsplan for 2022 og skisserer prosessen fram mot ny handlingsplan for 2023.

Bakgrunn

Handlingsplanen er eit viktig dokument som viser prioriterte tiltak for Helsefelleskapet i Helse Bergen føretaksområde. Dei siste året har det vore ein kort og oversikteleg handlingsplan som prøver å tilpassa seg både ambisjonsnivået og ressursinnsatsen som partane legg inn i samhandlinga. Erfaringane med ein kort og oversikteleg handlingsplan har vore gode.


Gjennom året har utvala fått jamleg orientering om status for arbeidet med tiltaka i gjeldande handlingsplan. Det er eit mål å halda fram med dette også i 2023.

Innhaldet i handlingsplanen

Handlingsplanen er delt inn i to hovudområde (avtaleverket og andre samhandlingstiltak). SSE tilrår vidareføring av forma på handlingsplanen og i 2023. Vedlagt saka finn de handlingsplanen for 2022 med status per november for dei ulike tiltaka.

Arbeidet fram mot ny handlingsplan for 2023 er lagt opp slik:

- SSE lager eit utkast til felles handlingsplan for 2023 som vert presentert for strategisk samarbeidsutval (SSU) i møtet 30.nov. Utkastet er basert på:
 - o pågåande tiltak frå handlingsplan for 2022,
 - o avtalar som er vurdert/meldt inn at har behov for revisjon (årleg gjennomgang av avtaleverket),
 - o endringar i nasjonale føringar som utløyser revisjonsbehov
 - o saker som er vedtekne av samarbeidsutvala og som vil krevje ressursar frå partane i året som kjem.
 - o Innspel frå områdeutvala
- Etter dialog i SSU går saka tilbake til SSE som på bakgrunnen av innspel i møtet 30.nov utarbeider nytt forslag til handlingsplan for 2023.
- Ny handlingsplan for 2023 blir vedtatt av SSU i februar 2023.



Strategisk samarbeidsutval (SSU) ber om innspel til nye tiltak på handlingsplan for 2023 men vil og minna om at det er ønskje om å oppretthalda ein kort og oversikteleg handlingsplan. Fleire av tiltaka på handlingsplanen for 2022 vert mest sannsynleg overført til handlingsplanen for 2023. I tillegg krev mange av tiltaka mykje arbeid frå alle involverte. SSU ber om at OUa har dette med seg dersom fleire saker vert føreslått inn på Handlingsplanen for 2023.

Tiltak som blir føreslått for handlingsplanen 2023 skal formulerast skriftleg og med ei kort grunngjeving for kvifor dette tiltaket bør inn på handlingsplanen. SSE vil ta med forslaga til vidare handsaming i SSU og ber derfor at innspel er levert SSE innan tysdag 22.nov.

Forslag til vedtak:

1. Områdeutvalet for Nordhordland tek SSE sin status for arbeidet med handlingsplan for 2022 til orientering.
2. Områdeutvalet for Nordhordland har følgjande innspel til Felles handlingsplan for 2023:
 -

Vedlegg 1: Status for handlingsplan 2022